

Kvinnheringen

www.kvinnheringen.no

Lonavegen 59, 5460 Husnes.

Politisk ubunden avis for Kvinnherad.
Kjem ut måndag, onsdag og fredag.
Ansvarleg redaktør: Tomas Bruvik.

TIPS OSS

på telefon 53 48 21 45
eller send ein SMS/MMS med kodeord
KV TIPS til 2470
E-post: redaksjon@kvinnheringen.no

REDAKSJONEN

redaksjon@kvinnheringen.no
Telefon: 53 48 21 45



Tomas Bruvik
Redaktør/dagleg leiar
Telefon: 411 08 523
tomas@kvinnheringen.no



Jonn Karl Sætre
Redaksjonssjef/journalist
Telefon: 995 20 861
jonn.karl@kvinnheringen.no



Trude Aarsand
Journalist
Telefon: 913 45 033
trude@kvinnheringen.no



Arne Lindeflaten
Journalist
Telefon: 995 20 863
arne@kvinnheringen.no



Elisabeth Berg Hass
Journalist
Telefon: 400 41 466
elisabeth@kvinnheringen.no



Mona Grønningen
Journalist/nettansvarleg
Telefon: 992 24 355
mona@kvinnheringen.no

ANNONSAR

annonse@kvinnheringen.no
Telefon: 53 48 21 35



Merete Lillesand
Salssjef
Telefon: 942 88 606
merete@kvinnheringen.no



Herborg Berge Engelsen
Annonsekonulent
Telefon: 410 86 397
herborg@kvinnheringen.no



Kristine Hellås
Kundekonsulent
Telefon: 912 40 604
kristine@kvinnheringen.no

GRAFISK



Vidar Håland
Teknisk sjef/grafikar
Trykksaker
Telefon: 916 07 947
vidar@kvinnheringen.no



Reidun Herland
Grafikar
Telefon: 959 62 891
reidun@kvinnheringen.no

Kundesenter:

ABONNEMENT

abonnement@kvinnheringen.no
Telefon: 85 23 32 02

LAUSSAL

lossalg.kundesenter@amedia.no
Telefon: 85 23 32 56

Fekk hakekors spraya på bilen

Politiet ber om tips frå publikum etter at ein person i Røsslandsli har fått bilen sin spraymåla for andre gongen på eit halvt år.

ELISABETH BERG HASS
elisabeth@kvinnheringen.no

Den første gongen fornærma kom ut og oppdaga spraymåling på firmabilen sin, var for rundt eit halvt år sidan. Den gongen var det ingen

tydeleg symbolikk spraya på, men då same fornærma oppdaga ny spraymåling på ein annan bil tilhøyrande firmaet sitt på måndag, var det no eit hakekors på bilen. Fornærma held til i Røsslandsli, ganske langt nede i feltet, og politiet håpar dei kan koma i kontakt med nokon som kan ha sett noko:

– Vi ønskjer å koma i kontakt med folk som kanskje kan ha sett noko. Skadeverket skjedde ein gong mellom klokka 18.45 og 22.00 på måndag, seier Torgeir Fosse

ved Kvinnherad lensmannskontor.

– Trur de det er same personen/personane som står bak?

– Det veit vi ikkje, men det som er påfallande, er at dette skjer med same fornærma, og det med berre eit halvt års mellomrom, seier Fosse.

– Kva tydar hakekorset, trur de?

– Det er for tidleg å seia. Vi kjem til å ta ein prat med ulike folk framover, og er veldig interesserte i å oppklara saka, seier han.



Sommarkonsert i Valen Kyrkje

Torsdag 10. august vert det konsert i Valen kyrkje. Konsernten blir med familien Ozolini frå Latvia. Dette er ein musikarfamilie som fleire somrar har hatt konsertturnear i Norge. Dei har mellom anna hatt fleire konsertar i Kvinnherad kyrkje, og i fjor i Valen Kyrkje. Også i år vert konserten i Valen kyrkje.

Familien trakterer piano/orgel, tverrfløyte, saksofon, fiolin og gitar. Dei fleste er profesjonelle musikarar, og dei held eit høgt nivå. I år er det fem av familiens medlemmer som står for musikken.

Familien presenterer eit svært variert program. Dei spelar klassisk, salmar/songar, populærmusikk og litt jazz. Ofte syng dei også litt.

Alle er hjarteleg velkomne til konsert. Det blir ikkje inngangspengar, men dei som ønskjer det kan gje ei gåve til familien ved utgangen.

Grete Tvedt



KONSERT: Familien Ozolini held konsert i Valen kyrkje torsdag.

Båtbyggjardag på Øyra

Kulturnemnda i Ølve bygdelag og Stiftinga Kystsogevekene ynskjer velkomen til skipsbyggjeplassen Øyra på Nerhus søndag 20. august.

Her blir det utstilling av verktøy, båtmodellar og bilete som fortel om kvardagen til skipsbyggjarane. Smia blir open, saman med saga og skuret som var viktige arbeids-hus.

To Nerhus-familiar bygde

fartøy her i tre generasjonar, mellom 1850 og 1960. Blant anna vart hardangerjakta Mathilde bygd på Øyra.

Lars Nerhus held føredrag om fartøybygging i Ølve.

Borna som kjem, får byggja sin eigen båt, og dei får tilbod om båttur på sjøen. Det blir sal av kaffi, vaflar og pølser til grilling på bålet.

Parkeringsplass ved Ølve kyrkje.



HISTORIKK: Søndag 20. august vert det samling ved skipsbyggjarplassen Øyra på Nerhus.

Kvinnheringen ønskjer å retta seg etter reglar for god presse-skikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg ramma av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, Postboks 46, 0101 Oslo. Tlf. 22 40 50 40 eller e-post: pfu@np-nr.no

Kvinnheringen

Lonavegen 59, 5460 Husnes

Org.nr.: 980 066 401

Utgitt av: Kvinnheringen A/S

Trykk: Bladet Sunnhordland.

Godkjent opplag 2016: 4.031

Bankgiro: 7058.06.55554

OPNINGSTIDER:

REDAKSJON/EKSPEDISJON

Lonavegen 59, 5460 Husnes

Månd.-fred. 08.00 – 15.00

Laurd./sundag stengt

ABONNEMENT, prisar 2017:

Heilt år kr 1663,-
Halvår kr 946,-
Kvartal kr 499,-
I tillegg kjem fakturagebyr på kr 50,- Abonnementet gjeld til det blir sagt opp.

ANNONSAR, fristar og prisar 2017:

Alm.plass pr. mm kr 8,80
Stilling ledig pr. mm kr 12,40
Tekstside pr. modul kr 1.380,-
1. side pr. modul kr 3.300,-
4-fargetillegg pr. mm kr 6,35
Fargetillegg pr. modul: kr 450,00
I tillegg kjem m.v.a.

Innlevering for annonsar:

Måndags-avisa fred. kl 11.00
Onsdags-avisa månd. kl 12.00
Fredags-avisa onsd. kl 12.00

Større annonsar må vera innlevert dagen før annonse-fristen kl 15.00

Klipp av staff og annonsar er ikkje tillate utan etter avtale med Kvinnheringen.